

BREMNES KANTORI

Årsmelding 2014-2015

Styret har vore slik samansett:

Leiar: Eldbjørg Våge Krukhaug
Nestleiar: Jofrid Sørenes
Kasserar: Reidar Olav Meling
Skrivar: Marit Waage
Dirigert og styremedlem: Jostein Molde

Varafolk:

1. Eline Lindøe Nitter
2. John Leon Waage

Revisor: Lars Gunnar Ersland

Valnemd: Ole André Krukhaug, Gerd Bodil Haldorsen og Wenche Fylkesnes Ørjansen

Andre oppgåver:

Noteforvaltar: Anne Gudveig Sønstabø
Praktisk rigging ved arrangement: Gudmundur Baldurson
Pynting v/arrangement: Lis Maria Gunnarson
Regi/antrekk: Ole André Krukhaug og Helga Nesse

Aktive medlemmar ved oppstart hausten 2015: 43
Dei fordeler seg slik på stemmegruppene: Sopran: 16 Alt: 9 Tenor: 8 Bass: 10

Styret har hatt 5 møte og har arbeidd med følgjande::

Planlegging og tilrettelegging av store og små arrangement i eigen regi og i samarbeid med andre aktørar.

Kommunikasjon og god dialog.

Program for koråret 2015-2016

Stemmepleieseminar

...i tråd med vedteken handlingsplan i Årsmøte 2014. :

Eldbjørg Våge Krukhaug og og Helen Leversund møtte på årsmøtet i Bjørgvin kirkesangforbund i vår.

Reidar Olav Meling har delteke på dagskurs i regi av Bømlo kommune om søknad om midlar til lag og organisasjonar

Bremnes kantori har gjennom heile året delteke aktivt i gudstenester i Bremnes kyrkje,- som forsongarar, koristar og kyrkjelyd. Det er ei stor glede å syngje frå det romslege, nye galleriet som også skaper god kommunikasjon mellom dirigert, koristar og kyrkjelyd. Salmemaratton i NRK i november inspirerte elles oss alle til å bruka den nye, flotte salmeboka me har fått.

2014 var det store jubileumsåret. Jubileumskonserteren i september i Stord kyrkje og i Bremnes kyrkje var samansett av eit rikt utval av musikk frå ulike epokar som koret har arbeidd med opp gjennom åra. Vivaldi, Hovland, Rutter, Gonoud, Dagsvik, Bach, Händel, Mozart og Grieg stod på programmet samt folketone arrangert av Molde, i samspel med strykarar frå distriktet.

I desember var det duka for to julekonserter,- og festgudstenesta i Bremnes, tett på kvarandre, og med ulikt repertoar. Begge konsertne samla fullt hus. Den første var saman med Hanne Krog og 3 tenorar. Den andre var den tradisjonelle julekonserteren saman med lokale kor og korps.

Folketonekonserteren i februar måtte avlysast/utsetjast fordi solist Juvik Sæbø hadde røysteproblem. Men me hadde flott salmekveld i mars med heile koret der jubilantane Nystedt, Kverno og Tveit stod på programmet. I april var det Påskefestgudsteneste. I mai var det igjen duka for tett program. Etter initiativ frå Bømlonytt samla vi 8. mai bygda til fredskonsert i kyrkja saman lokale medarrangørar og apellantar. Det vart ein vakker konsert på 70års-jubileumsdagen for freden. We shall overcome, arr. Molde, og Lux Aeterna av Kenneth Siverson stod m.a. på programmet vårt.

Den årvisse Pinsegudstenesta utadørs i Moster Amfi song me saman med Moster kyrkjekor. Regn og kjøle førte til liten oppslutnad om gudstenesta.

Helga etter var det duka for Korfest Bømlø i Amfiet. Denne gongen var Kantoriet gjester saman med Bergen pikekor, Bømlø Tensing, Herborg Kråkevik, Jan Eggum og Sjur Hjeltnes i regi av Festspela i Bergen. Bømlø Teater var lokal arrangør.

Det vart ei flott oppleving og ei god avrunding av koråret vårt både musikalsk og sosialt. Dyktige folk frå Festspela skrudde i saman dei ulike kora i den bølgende, åttestemte "Evigheden" me hadde øvd inn på førehand. Elles vart me trakterte med god middag. Inspirerende og flott å samarbeida med unge, uredde ten-singarar og dyktige artistar!! Kenneth Siverson og Jostein Molde stod elles på vårt program denne helga. Med takksigelsar, kaffi, lefser og gode sommarønskje avslutta me nok eit innhaldsrikt korår, denne gongen i Steinsalen i Amfiet.

Bremnes kantori har no si eiga nett-side under www.bomlo.kyrkja.no. Denne skal utviklast og brukast. Vår kontaktperson er Trygve Leigland på kyrkjekontoret.

Fast øvingskveld er som før, torsdag, frå 20.00-22.00 i Bremnes kyrkje. Oppstart 19.august, (annonsert i Bømlø-nytt)..

Styret har bestemt at koristar som har stått i koret i 10 år eller meir, og som ønskjer å trekkje seg tilbake, skal få i gåve ei ny salmebok med innskriven helsing frå dirigenten, som takk for lang og trufast innsats.

For styret
Eldbjørg Våge Krukhaug